



## Alver kontrollutval

### Møteprotokoll

- Møtedato: 2. desember 2019, kl. 09.00 – 13.00  
Stad: Kantina, Meland kommunehus
- Tilstade: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Liv Berit Rath (vara for Storheim), og Dag Erik Hagesæter (vara for Tveranger. Måtte gå kl. 11.00)
- Forfall: Arild Gisle Tveranger (medlem) og Margrethe Aven Storheim (medlem)
- Vara tilstade: Kjersti Haugland (1. Sp), Ture Andersen (2. FNB), Kolbjørn Lunga (3. FnB), Berit Dale Øgaard (2. KrF) og Svanaug Sandvik (3. FrP)
- Innkalla: Ordførar Sara Hamre Sekkingstad, programansvarleg/rådmann Ørjan Raknes Forthun og kontrollutvalssekretær Øivind Olsnes (NUI)
- Revisor: Harald Sylta og Rune Mydland, KPMG
- Sekretær: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)
- 

#### 01/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

*Innkalling og sakliste er godkjent.*

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

#### 02/19 Skriv og meldingar:

Saksvedlegg:

- a. Vedtak om val av kontrollutval 2019 – 2023

Saksopplysingar:

Alver kommunestyre vedtok i sak 006/19 i møtet 17.10.2019 faste og



varamedlemmer til kontrollutvalet, samt leiar og nestleiar.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek vedtaket til orientering.*

Behandling i møte:

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek vedtaket til orientering.

### 03/19 Orientering frå ordførar

Saksopplysingar:

Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommuneloven § 6-1.

Ordførar for Alver kommunestyre, Sara Hamre Sekkingstad, vil i møtet gje ei kort orientering til kontrollutvalet om forventingar og kommunikasjon mellom kommunestyret og kontrollutval.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.*

Behandling i møte:

Ordførar Sara Hamre Sekkingstad orienterte om forventingar og kommunikasjon mellom kommunestyret og kontrollutvalet, og peika mellom anna på gjensidig informasjon og samarbeid som viktige forutsetningar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.

Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp og drøfte forventingar til deltaking frå ordførar i møte på neste kontrollutvalsmøtet.

### 04/19 Orientering frå sekretariatet om mandat, oppgåver og opplæring

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet er eit lovpålagt utval, jf. kommunelova kapittel 23 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Sekretariatet v/ Tonje Husum Aarland vil i møtet orientere om sentrale føringar og rammar for kontrollutvalet og sekretariatets mandat og oppgåver.



Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.*

Behandling i møte:

Kontrollutvalssekretær Tonje Husum Aarland orienterte om rammar for kontroll og tilsyn, informasjonsflyt og praktiske rutiner kring kontrollutvalsmøta, årshjul for kontrollutvalsarbeidet, aktuelle kurs og nyttige lenker for meir informasjon.

Presentasjonen vert lagt ved utsending av møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.

## **05/19 Orientering frå revisjonsselskapet KPMG**

Saksopplysingar:

Kommuneloven sitt kapittel 24 (av 22.06.2018 nr. 55) omhandlar revisjon. Revisor skal mellom anna rapportere om sitt arbeid og resultata av sin revisjon til kontrollutvalet, jf. kommunelova kapittel 24. For rekneskapsåret 2019 har Deloitte revidert Lindås kommune og Nordhordland Revisjon IKS har revidert kommunane Meland og Radøy. Revisjonsselskapet KPMG har avtale om å revidere Alver kommune frå 01.01.2020.

KPMG v/ statsautorisert revisorar Harald Sylta og Rune Mydland vil i møtet orientere om sentrale føringar og rammar for revisjonen sitt arbeid og funksjon.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.*

Behandling i møte:

Statsautorisert revisorar Harald Sylta og Rune Mydland orienterte om KPMG og sentrale rammar for revisjonsarbeidet, mellom anna om

- rekneskapsrevisjon; risikovurderingar, framdriftsplan ved revisjon, nummererte brev, revisjonsberetning, forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga
- forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll; formål, risiko- og vesentlegheitsvurderingar, plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, prosjektplanar og metodar.

Revisjonen svarte elles på spørsmål, mellom anna om arbeidsmiljøloven og om lønnsregulering ved sammenslåing til ny kommune.

Presentasjonen vert lagt ved utsending av møteprotokollen.



**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.

**06/19 Oppsummering av perioden 2015 – 2019**

**Saksopplysingar:**

Kontrollutvala Lindås, Meland og Radøy har sine siste møter i perioden i november og desember 2019. Det vert utarbeida rapport med oppsummering av perioden 2015 – 2019 får dei tre kontrollutvala som vert sendt til Alver kontrollutval til orientering.

Kontrollutvalssekretær for dei tre utvala, Øivind Olsnes, vil i møtet gje ei oppsummering av arbeidet i dei tre kontrollutvala i perioden.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.*

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalssekretær Øivind Olsnes orienterte i møtet om dei ulike kontrollområda; oppfølging av revisjon, økonomi, system og tenester og andre saker som kan vere aktuelle for kontrollutvalet å handsame. Det har vore utført fleire forvaltningsrevisjonar i Lindås, Meland og Radøy kommunar i perioden; mellom anna innan barnevern, informasjonstryggleik, vedtaksoppfølging, skule og helsetilbod til barn og unge. Det har òg vore gjennomført selskaps-/ eigarskapskontrollar av Knarvik industri og miljø (KiM), og kommunen sin overordna oppfølging av eigarskap i selskap.

Presentasjonen vert lagt ved utsending av møteprotokollen og oppsummeringsrapportane frå kontrollutvala Lindås, Meland og Radøy vert sendt ut med innkallinga til neste møte i kontrollutvalet.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek denne til etterretning.

**07/19 Orientering frå programansvarleg/rådmann**

**Saksopplysingar:**

Ørjan Raknes Forthun er tilsett som programansvarleg og rådmann i Alver kommune, og vert programansvarleg i perioden fram til 31.12.2019 og rådmann i Alver kommune frå 01.01.2020. Forthun vil i møtet gje ei kort orientering om forventingar og rammer for dialog med rådmann/administrasjonen.



Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.*

Behandling i møte:

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte i møtet om organisering og kommunikasjonen mellom kommunestyret og kontrollutvalet, nasjonale tilsyn, og kommunen sin oppfølging av internkontroll med ansvar og hovudområde, status for ulike overordna reglement og retningslinjer, heilskapleg styring og utvikling av Alver kommune, samt samarbeid mellom kontrollutvalet og administrasjonen.

Presentasjonen vert lagt ved utsending av møteprotokollen.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for orienteringa og tek den til etterretning.

## **08/19 Møteplan for kontrollutvalet 2020**

Saksopplysingar:

Sekretariatet legg fram forslag til møteplan for kontrollutvalet, med aktuelle møtedatoar og saker.

Forslag til møtedatoar for 2020:

*11. februar, 17. mars, 21. april, 26. mai, 8. september, 20. oktober og 17. november (tysdagar).*

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet vedtek møteplanen med møtedatoane:*

Behandling i møte:

Kontrollutvalet gjennomgjekk møteplan med tema for handsaming for 2020.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplanen med datoane: 11. februar, 17. mars, 21. april, 26. mai, 8. september, 20. oktober og 17. november (tysdagar).

## **09/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

Behandling i møte:

Sekretariatet orienterte kort om rutinar kring gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval.





**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil drøfte dette meir på neste møte i kontrollutvalet.

**10/19 Eventuelt**

**Behandling i møte:**

Det var ingen kommentarar til eventuelt.

**Samrøystes vedtak:**

Ingen innspel under eventuelt.

**Neste møte: 11. februar 2020 kl. 09.00.**

Knarvik, 02.12.2019

Jimmy Pasali (sign.)  
*Leiar i kontrollutvalet*

Tonje Husum Aarland (sign.)  
*Kontrollutvalssekretær*